



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkja treng gode leiarar – kven vil du gje di stemme?

Du er med på å bestemma kven
som skal sitta i bispedømerådet og
Kyrkjemøtet i perioden 2019 – 2023.

Kyrkjevalet
8.-9. sep. 2019

I Agder og Telemark bispedømme er det tre lister ved bispedømmerådsvalet.

Kandidatane på kvar liste er presentert i prioritert rekkjefølgje.


Den enkelte lista står sjølv for den innleiande teksten.

På vallistene til Bønnelista og Åpen folkekirke har dei to øverst prioriterte kandidatane fått eit stemmetillegg (tidlegare kalt kumulering)

Bønnelista:

Bønnelista vil vidareføre den kristne trua og tradisjonen som Den norske kyrkja har vore tufta på sidan reformasjonen. Bibelen og vedkjenninga skal vere kyrkja sitt grunnlag. Den norske kyrkja skal vere ein del av Guds synlege kyrkje på jorda, med medlemmer som har Jesus som Herre, og skal ha lokalstyrte sokn med leiarar som lar seg leie av Den heilage Ande. Meir info om kandidatane på:

www.bonnelista.no




1 Håkon Kolstad
Varhaug
f. 1996, Snekker, Holum



2 Gerd Ruth Rosland
Nordstrand
f. 1959, tidl. nærings-
drivande, Holum



3 Martin
Birkedal
f. 1951, Adm. leiar,
Høvåg




4 Elisabeth Hyldmo
Landsverk
f. 1954, Husmor,
kunstnar, Stathelle




5 Anna
Kile
f. 1988, Jurist,
Kristiansand



6 Martin
Ellingsen
f. 1993, Miljøarbeidar,
Vennesla



7 Inger Dalen
Lia
f. 1945, Pensjonist,
Skien



8 Linda Elle
Haraldsson
f. 1990, Sjukepleiar,
Søgne



9 Bergsvein Often
Normann
f. 1938, Pensjonist,
arkitekt, Grimstad



10 Arild Breda
Gulbrandsen
f. 1959, Sjølvst. nærings-
drivande, Søgne

Nominasjonsskomitéens liste:

Lista er sett saman av personar som er foreslått av ungdomsrådet, det lokale soknet i bispedømmet og ein felles nominasjonskomité, som har prioritert kandidatane. Vi representerer ingen organisasjon eller interessegruppe, og medverker ikkje til partidanning innan kyrkja. Den enkelte kandidaten presenterer sjølv dei saker ein spesielt vil arbeide for. Saman vil vi arbeide for kyrkja og lokalsoknet sitt beste.


Meir info om kandidatane på:
www.nominasjonslisten.no



1 Markus
Westermoen
f. 1975, Ingeniør,
Kristiansand



2 Torun Heier
Sødal
f. 1961, Lærer,
Kristiansand



3 Turid Torland
Håland
f. 1966, Rekneskapskon-
sulent, Lyngdal



4 Rolf Halvard Heimdal
f. 1951, Pensjonist, Stathelle



5 Simon Ellingsberg
f. 1984, Rektor, Hægeland



6 Silje Nilsen Østensen
f. 1997, Student, Seljord



7 Lars Sæland Lauvhjell
f. 1950, Pensjonist, Søndeled




8 Sissel Annette Marthinsen
f. 1971, Lektor, Farsund



9 Shelly Byholt Rigby
f. 2001, Student, fotograf, Nedenes



10 Gerd Vigdis Slettedal
f. 1951, Pensjonist, Øvrebø



11 Atle Olav Ljåstad
f. 1948, Pensjonist, Kragerø



12 Ståle Ryste
f. 1969, QA-Koordinator, Stathelle



13 Emilie Rolstad Bjørnholmen
f. 2001, Elev, Lillesand

Åpen folkekirke:

Åpen folkekirke stiller liste i Agder og Telemark for å opne opp den lokale folkekyrkja for alle, uavhengig av bakgrunn og seksuell orientering. Vi ønskjer at Den norske kyrkja skal videreutviklast som ei open og demokratisk folkekyrkje som fremjer menneskeverd og som motarbeider diskriminering. Målet vårt er å byggje ei folkekyrkje som møter menneske slik Jesus gjorde, og som lyfter evangeliet i alle livets faser. Vi er ulike menneske frå både Agder og Telemark med engasjement for kyrkja vår, lokalsamfunnet vårt og for den verda vi lever i. Meir info om kandidatane på: www.apenfolkekirke.org



1 Kai Steffen Østensen
f. 1994, Samf. planleggjar, student, Vanse




2 Terje Damman
f. 1958, Fylkesordfører, Mandal



3 Ingvild Sommerfelt
f. 1992, Sjukepleiar, student, Risør



4 Odin Adelsten Aunan Bohmann
f. 1985, Fylkessekretær, Skien



5 Torunn Tørrå
f. 1945, Pensjonist, Nedenes




6 Odd-Inge Rønning Uleberg
f. 1967, Kommunikasjonsrådgjevar, Vennesla



7 Solveig Nordkvist
f. 1943, Pensjonist, Nodeland



8 Ingrid Cecilie Engel Sødal
f. 1985, Psykolog, Kristiansand



9 Sidsel Beate Kløverød
f. 1954, Pensjonist, Skien



10 Per Gunnar Disch
f. 1963, Førstelektor, Porsgrunn



11 Hallgeir Oskar Gjelsvik
f. 1953, Pensjonist, fysioterapeut, Nedenes



12 Solveig Botnen Eide
f. 1956, Professor, Lillesand



13 Dag Øyulf Vige
f. 1951, Næringsdrivande, Kristiansand



14 Bjørn Erik Høgseth
f. 1948, Pensjonist, lærar, Skien



15 Naja Amanda Lyng Møretrø
f. 1996, Student, Kristiansand

Godt å vite om valet

Kven kan stemme?

Medlemer av Den norske kyrkja har stemmerett frå det året dei fyller 15 år. Du må vere døypt for å vere medlem i Den norske kyrkja. Nesten 3,1 millionar menneske har stemmerett ved Kyrkjevalet i 2019.

Når og kvar er det val?

Kyrkjevalet blir halde 8. og 9. september 2019, samtidig med kommunestyre-/ fylkestingsvalet. Kyrkjevalet finn stad i eit lokale nær det offentlege valet. Du kan også stemme på førehand frå 10. august. Alle med stemmerett får i august eit valkort i posten med informasjon om kvar og når dei kan stemme.

Kven kan du stemme på?

Du stemmer på kandidatar til soknerådet og til bispedømerådet/Kyrkjemøtet. Kandidatane blir valde for ein periode på fire år. Ved val til sokneråd er det dei fleste stader berre ei valliste. I valet til nytt bispedømeråd er det i Agder og Telemark bispedømme tre lister å velje mellom.

Kva gjer kyrkjemøtet?

Kyrkjemøtet er «kyrkja sitt storting», og det øvste organet i Den norske kyrkja. Her blir alle bispedømeråd samla i ei veke kvart år. Kyrkjemøtet bestemmer ordningar og liturgiar, og i den komande perioden vil det bli viktige saker om kyrkja si organisering.

Kva gjer bispedømerådet?

Bispedømerådet er det regionale styringsorganet i kyrkja. Rådet tilset prestar og er arbeidsgjevar for desse og enkelte andre. Det arbeider for samordning av det kyrkjelege arbeidet i dei mange kyrkjelydane i bispedømet. Medlemene i bispedømeråda utgjer samla Kyrkjemøtet.

Kva gjer soknerådet?

Arbeidet til soknerådet spenner over mange tema. Det kan vere barne- og ungdomsarbeid, juss og økonomiforvaltning, tilsetjingar, gudstenester, miljø og rettferd, omsorg, musikk og misjon. Råda skal sørge for vekst og næring til kyrkja og lokalsamfunnet der du bur.

Sjå kven som stiller til val i kyrkjelyden og bispedømet på www.kyrkjevalet.no

Slik går du fram når du skal stemme

Kyrkjevalet er to val: val til sokneråd og val til bispedømeråd og Kyrkjemøtet.

I alle vallokala skal det vere ein stad der du i einerom og usett kan velje dei stemmesetlane du vil ha, og gjere endringar. Dette kan til dømes vere eit valavlukke eller eit eige rom.

I avlukket

- 1 Vel stemmesetlane du vil bruke, éin per val. Du kan stemme ved eitt val eller begge vala.
- 2 Gjer eventuelle endringar på stemmesetlane
- 3 Brett stemmesetlane så ingen kan sjå kva du har stemt.

Hos valfunksjonæren

- 4 Du må vise legitimasjon. Valfunksjonæren kryssar deg av i manntalet og stemplar stemmesetlane.
NB! Stemmesetlane må ha stempel for å bli godkjende.
- 5 Legg stemmesetlane i valurna.